



Cathrine Haugland på veg mot mål

Det kombinerte kretsrenn og karusellrenn i Fjellhaugen gjekk på knallføre og 160 deltakarar frå Sauda i sør til Voss i nord fekk ei stor oppleving. Dei lokale løparane fekk med andre ord måla krefter også mot konkurrentar utanfrå og klarte oppgåva tildels bra. Til dømes vann Håvard Pedersen frå arrangørklubben Ternens seniorklassa.

Ternen skulle eigentleg arrangert dette rennet, men vergudane ville det annleis. I Fjellhaugen vart til gjengjeld alt vellukka. Det var eit smidig og godt samarbeid mellom Ternens og UIL.



Det var eit godt og smidig samspel mellom dei to arrangerande klubbane. Her er Ternens Kjell Tore Holmedal i aksjon som speaker

I det innleiande barneskirennenet deltok det 47 og i det klassiske Kvinnheradrennet kom det til å stå 113 på deltakarlista. Mest imponerende var det at Ternens stilte med 26 og av dei var det 7 åtteåringar. Det er tydelegvis inga problem med rekrutteringa sør for Nåso heller!





Thea Taranger og Camilla Myklebust Ripel over målstreken

Men det bør skytast inn at den andre arrangøren UIL mønstra 23 og det betyr at dei 2 klubbane åleine deltok med nesten ein tredel. Det er ikkje lite imponerende med tanke på vertilhøva tidlegare denne vinteren.

I åtteårsklassa for gutar var uskedelingen Tobias Helle Berg-Soldal med og duoen Emma Myklebust Ripel og Åsne Hjelmeland Arnesen var å finna i niårsklassa. i niårsklassa for gutane var Johan S. Kroka og Vidfar Eidsvik deltakarar.

I 10-årsklassa for jentene finn ein Silje Soldal og i samme klasse for gutane deltok Tørres Lekva, William Hjørnevåg og Jostein Soldal.

I jenter 11 var det rangering og her vart det tredje og fjerdeplass for Camilla Myklebust Ripel og Thea Taranger medan Ida Marie Eidsvik vart nummer 5. Beste lokale plassering i guteklassa for 11-åringane fekk Martin Hjelmeland Arnesen med femteplassen medan Viljar Simonnes Tveit var sjettemann og Kristian Hansen nummer 10.

I jenter 13 år vart Veslemøy Haugland nummer 3 og i jenter 14 år kom Solveig Haugland på tredjeplassen. Tord Sæle og Johannes Haugland vart nummer 2 og 3 i 15-årsklassa medan Kari Bråtun var åleine i 17-årsklassa.

Senior kvinner vart vunne av Cathrine Haugland som gjekk 5-kilometeren

på 17,35 medan Bråtun til samanlikning kom inn på 17,23.

I seniorklassa for menn var det 12 deltakarar og Pedersen hadde nesten eitt minutt margin til andremannen som var Stian Engevik fra Stord. Oddmund Soldal frå Uskedalen vart femtemann nesten 4 minuttar etter han som vann.

Nestoren innan skisporten her i bygda, Pål Haugland, gjekk denne gongen på 40.56. Når sant skal seiast tykkjer vi at han imponerar mest sjølv om han vart sist på resultatlista!



Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

Solveig Haugland frå UIL og Andreas Ølvestveit frå Ternen på veg mot mål





Tord Sæle gjekk eit nytt godt løp